



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Brukarundersøking 2016

Gjennomført i perioden 18. august – 15. september 2016

John Gunnar Skien, kommunikasjonssjef

INNHALD

Om undersøkinga.....	3
Samandrag	4
Spørsmål 1: Er du ordførar eller rådmann?	5
Spørsmål 2: Talet på innbyggjarar i kommunen din	6
Spørsmål 3: Kor lang erfaring har du i nåverande stilling/funksjon?.....	7
Spørsmål 4: Innan desse fagområda hos Fylkesmannen har kommunen din mest kontakt med oss (til dømes brev, e-post, telefon, møte o.l.) Vel inntil tre område	8
Kommentarar (anna).....	8
Spørsmål 5: Innan desse fagområda hos Fylkesmannen trur du kommunen din får dei største utfordringane i tida framover. Vel inntil tre område	9
Spørsmål 6: Tenk på kontakten mellom kommunen og Fylkesmannen. Kor nøgd eller misnøgd er du med Fylkesmannen når det gjeld.....	10
Kommentarar	10
Spørsmål 7: På kva fagområde er rettleiingsbehovet størst i kommunen din? Vel inntil tre område.	11
Spørsmål 8: På kva fagområde er behovet for kompetanseutvikling størst i kommunen din? Vel inntil tre område.....	12
Kommentarar	12
Spørsmål 9: Kor nøgd eller misnøgd er du med Fylkesmannen sitt rettleiings- og kompetanseutviklingstilbod?	13
Kommentarar	13
Spørsmål 10: Kven/kva er viktigast for deg ved formidling av statlege styringssignal? Vel to alternativ.....	14
Spørsmål 11: Fylkesmannen har ei viktig samordningsrolle overfor kommunane. Bør Fylkesmannen redusera, oppretthalda eller styrka samordninga på desse områda?	15
Spørsmål 12: Samordning av statleg tilsyn er ei oppgåve for Fylkesmannen. Korleis kan Fylkesmannen eventuelt betra samordninga av tilsyn? Det er høve til å velja fleire svaralternativ.	16
Kommentarar	16
Spørsmål 13: : Vurder følgjande påstandar om Fylkesmannen i Rogaland	17
Kommentarar til tematikken eller påstandane.....	17
Spørsmål 14: Vurder desse påstandane om Fylkesmannen i Rogaland	18
Kommentarar til spørsmål 14	19
Spørsmål 15: Vurder desse påstandane om Fylkesmannen i Rogaland	20
Spørsmål 16: Alt i alt: Kor nøgd er du med samarbeidet med Fylkesmannen i Rogaland?	21
Generelle kommentarar til undersøkinga.....	22

OM UNDERSØKINGA

Denne brukarundersøkinga er gjennomført i perioden 18. august – 15. september 2016 ved hjelp av nettverktøyet *SurveyMonkey*. Målet med undersøkinga har vore å innhenta informasjon og synspunkt frå sentrale brukarar av embetet. Resultatet blir ein del av grunnlaget for utvikling av strategiar og kommunikasjonsverksemd i embetet. Ei tilsvarande undersøking blei gjennomført i regi av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i 2010.

Undersøkinga er også ei oppfølging av embetsoppdraget vårt i 2016, der Kommunal- og moderniseringsdepartementet ga fylkesmennene i oppgåve å gjennomføra brukarundersøkingar. Utval og metode har vore valfritt. Fylkesmannen i Rogaland har landa på ei nettbasert undersøking blant ordførarar og rådmenn i Rogaland (fylkesordførar og fylkesrådmann inkludert), slik det blei gjort i 2010. Årsaka er behovet for å sjå om utviklinga har gått i positiv eller negativ retning sidan førre undersøking. Kontaktpunkta mellom kommunane og Fylkesmannen i Rogaland er sjølvstakt langt fleire i det daglege enn denne undersøkinga reflekterer. Likevel er dette ein god «temperaturmålar» som gir oss svært nyttige tilbakemeldingar.

Av 54 potensielle respondentar, har me fått inn svar frå 43. Dette gir ein svarprosent på 79,6. Det er god spreiding mellom større og mindre kommunar. Det også langt meir balansert deltaking mellom rådmenn og ordførarar (fleire ordførarar har svart i 2016). Dermed reknar me undersøkinga som representativ.

Anonymitet er sentralt for å få verdfulle og ærlege svar, særleg når undersøkinga er gjort av embetet og ikkje ved hjelp av eksterne selskap. Derfor har me ikkje laga ei altfor finmaska kategorisering over kommunestorleiken – og me har heller ikkje kunna sjå kven som til ei kvar tid har svart.

Fleire av spørsmåla opna for kommentarar. Alle desse finn de under tabellane.

Ansvarleg for undersøkinga: kommunikasjonssjef John Gunnar Skien, tlf. 51 56 88 30. E-post: fmrojgs@fylkesmannen.no. Seniorrådgivar Thomas Wegner Thomassen har bidrege til kvalitetssikring av undersøkinga – og ikkje minst med grundige og gode med analysar av resultatata.

SAMANDRAG

Det er ein gjennomgåande tendens at kommunane er meir nøgde med samarbeidet med Fylkesmannen i Rogaland nå enn for seks år sidan. Resultata den gongen var ikkje urovekkande, men Fylkesmannen i Rogaland kom jamt over dårlegare ut enn dei fleste andre embeta i landet. Særleg viste dette seg i plansaker knytt til plan- og bygningslova. Betre og tettare dialog med kommunane i planprosessane var det mest sentrale tiltaket for vår del etter 2010-undersøkinga. Tilbakemeldingane frå rådmenn og ordførarar viser større tilfredsheit med dette samarbeidet enn ved førre undersøking.

- I det siste spørsmålet (spørsmål 16) blir respondentane bedne om rangera kor fornøgde dei er alt i alt med samarbeidet med Fylkesmannen. På ein skala frå 1 til 100, der 100 er best, skårer me 74. Det må seiast å vera bra, men viser sjølvstøtt eit forbettringspotensial.
- Samarbeidet vårt med kommunane på planområdet er særleg viktig, men kommuneøkonomi og samfunnstryggleik kjem også høgt opp på lista nå.
- Kommunane ønskjer at me er endå meir tilgjengelege på saksbehandlarnivå.
- Me bør sjå om me klarer å få ned saksbehandlingstida. Der skårer me forholdsvis dårleg også i 2016 (resultatet er ikkje betre enn i 2010).
- Kommunane synest me er fagleg sterke, kommuniserer klart og kjenner deira lokale forhold godt.
- Kommunane synest at me kan bli betre koordinerte mellom fagavdelingane.
- Fylkesmannen har blitt ein langt viktigare formidlar av statlege styringssignalar til kommunane enn for seks år sidan.
- Kommunane er fornøgde med kursa og seminarane våre, men me kan nå ut endå betre på nett og elektroniske nettenester.
- 86,5 prosent er heilt eller delvis einig i at råd og rettleiing frå Fylkesmannen er nyttig for kommunen.
- 64,9 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen har løyst oppgåve si i samband med kommunereforma på ein god måte. 13,5 prosent er delvis ueinig.

SPØRSMÅL 1: ER DU ORDFØRAR ELLER RÅDMANN?


20 rådmenn og 23 ordførarar har deltatt i undersøkinga. Dette gir ei langt betre deltaking enn i 2010. Av 54 potensielle respondentar (ordførarar og rådmenn – inkludert fylkesrådmann og fylkesordførar), har me fått inn svar frå 43. Dette gir ein svarprosent på 79,6. Heile auken skuldast betre deltaking blant ordførarane.

Begge gruppene ser plansakar som den største utfordringa i tida framover, rådmenn i noko større grad enn ordførarar.

Det er større skilnader på opplevd rettleiingsbehov. Over halvparten av rådmennene meiner at behovet er størst på plansakar, følgt av beredskap og byggesaker, mens ordførarane meiner beredskap følgt av plansaker. Nær 60 prosent av rådmennene meiner at det er størst behov for kompetanseheving knytt til plan. Ordførarane meiner at behovet er størst knytt til beredskap og miljøvern.


Nær 80 prosent av ordførarane oppgir at Fylkesmannen er den viktigaste kjelda for statlege styringssignal, mot 55 prosent av rådmennene. 80 prosent av rådmennene oppgir KS som den viktigaste kjelda, mot vel 60 prosent av ordførarane.

Sjølv om det altså er visse skilnader i svara til rådmenn og ordførarar, er svara samla slik at ikkje undersøkinga blir altfor uoversiktleg.



SPØRSMÅL 2: TALET PÅ INNBYGGJARAR I KOMMUNEN DIN

Me har valt å ikkje gjera kommunestorleiken for finmaska i undersøkinga for å ivareta anonymiteten.




SPØRSMÅL 3: KOR LANG ERFARING HAR DU I NÅVERANDE STILLING/FUNKSJON?

Fleire av dei med fire år eller meir i stillinga meiner at den største utfordringa i tida framover er knytt til plansaker, i forhold til dei med kortare ansiennitet. Dei med lengst erfaring meiner generelt at rettleiingsbehovet i kommunen er større, i høve til dei med kortare fartstid. Behovet for kompetanseutvikling skil mindre, men dei med lang tid i jobben ser eit behov for kompetanseutvikling i plan.


For dei nyaste er Fylkesmannen den viktigaste kjelda til statleg styringsinformasjon, følgd av KS (80 mot 55 prosent). For dei med lengst tid i stillinga er dette omvendt; KS (80) før Fylkesmannen (55).

Dei som har jobba meir enn fire år i stillinga er meir samde i at Fylkesmannen har god kunnskap om lokale forhold, kjenner problema og utfordringane i kommunane, og at fagavdelingane har god kunnskap om kommunen, enn dei med kortast tid i stillinga.

Spm 3: Kor lang erfaring har du i nåverande stilling? (2010)



Spm 3: Kor lang erfaring har du i nåverande stilling? (2016)



SPØRSMÅL 4: INNAN DESSE FAGOMRÅDA HOS FYLKESMANNEN HAR KOMMUNEN DIN MEST KONTAKT MED OSS (TIL DØMES BREV, E-POST, TELEFON, MØTE O.L.) VEL INNTIL TRE OMRÅDE

Plansaker er det fagområdet som flest oppgir dei har kontakt med Fylkesmannen om. Sjølv om det er ein liten nedgang frå 2010, er dette eitt av tre alternativ blant 87,5 prosent av respondentane. Me ser også at samfunnstryggleik og beredskap kjem høgt opp, saman med kommunereform (ny kategori i 2016). Elles er det verdt å merka seg at færre meiner landbruk og kommuneøkonomi er blant dei hyppigaste temaa i kontakten mellom Fylkesmannen og kommunen.

Kategoriar merkte med * er nye i 2016.



KOMMENTARAR (ANNA)


- ✓ *Kommuneplan*
- ✓ *FM er ein viktig rettleiar og samarbeidspartnar.*

SPØRSMÅL 5: INNAN DESSE FAGOMRÅDA HOS FYLKESMANNEN TRUR DU KOMMUNEN DIN FÅR DEI STØRSTE UTFORDRINGANE I TIDA FRAMOVER. VEL INNTIL TRE OMRÅDE

Det er interessant å registrera at langt færre rådmenn og ordførarar trur plansaker er det fagområdet der kommunen får størst utfordringar i tida framover. 65 prosent har dette som eitt av tre alternativ, mens det i 2010 var heile 94,1 prosent som peikte på dette. Fleire kommunar har styrkt seg på plansida. I tillegg er kontakten med Fylkesmannen tettare i prosessen nå enn for seks år sidan. Dette kan vera ei forklaring på denne markante endringa.

I spørsmål 4 har svært få kryssa av på "kommunal økonomi" (bare 7,50 prosent), men temaet blir truleg viktigare framover. 42,5 prosent av respondentane meiner kommuneøkonomi blir ei av dei største utfordringane for kommunen (29,4 prosent i 2010).

Spm 5: Innan desse fagområda hos Fylkesmannen trur du kommunen din får dei største utfordringane i tida framover. Vel inntil tre område.




SPØRSMÅL 6: TENK PÅ KONTAKTEN MELLOM KOMMUNEN OG FYLKESMANNEN. KOR NØGD ELLER MISNØGD ER DU MED FYLKESMANNEN NÅR DET GJELD...

1 er svært misnøgd og 5 er svært nøgd. Her er det små endringar frå 2010, jamt over god tilbakemelding. Saksbehandlingstida blir framleis trekt fram som lang, med ein skår på 3,1.

God fagkunnskap blant medarbeidarane hos Fylkesmannen blir trekt fram positivt, men det er også påpeikt at ein opplever å bli møtt på ulikt vis frå avdeling til avdeling (sjå kommentarfeltet). Dette skal me merka oss.

I dei generelle merknadene til undersøkinga, blir det uttrykt ønske om å kunna differensiera svara avdelingsvis. Det har me ikkje gjort denne gongen, mellom anna for å ikkje gjera undersøkinga altfor omfattande og tidkrevjande. Det er respondentar som har meldt tilbake at undersøkinga var i lengste laget, sjølv med dei avgrensingane me har gjort.



KOMMENTARAR


- ✓ *Miljøavdelingen er lite løsningsorientert. Argumentene er mer kverulerende enn faglige fokuserte. Prinsipper viktigere enn å se miljø i en større sammenheng.*
- ✓ *Til tider lang sakshandsaming. Verkar som til tider fylkesmannen sine tilsette overprøver politiske vedtak som dei ikkje er samde i politisk (har vorte betre).*
- ✓ *FM er mykje betre enn sitt "rykte" (i enkelte miljø).*
- ✓ *Saksbehandlere har god fagkunnskap, men kunne hatt mer kunnskap om kommunal drift og den kommunale virkeligheten både mht. politiske prosesser og det administrative arbeidet. Kanskje kan en hospiteringsordning hos kommunene for ansatte hos Fylkesmannen uten særlig kommunal erfaring være en mulighet for å bedre på dette.*
- ✓ *Det er helst administrasjonen som har kontakten i konkrete saker.*
- ✓ *I enkelte avdelinger hos FM opplever vi stor respekt, fagkompetanse og serviceinnstilling, i andre delvis ikke.*

SPØRSMÅL 7: PÅ KVA FAGOMRÅDE ER RETTLEIINGSBEHOVET STØRST I KOMMUNEN DIN? VEL INNTIL TRE OMRÅDE.

I lys av spørsmål 5, der me ser ein markant nedgang i utfordringar i kommunane knytt til plansaker, er det interessant å registrera at kommunane opplever at rettleiingsbehovet innan dette saksfeltet er kraftig redusert frå 2010 (51,4 prosent mot 72,2 prosent i 2010). Ein tydeleg nedgang i meldt rettleiingsbehov ser me også innan miljøvern, barne- og familiesaker, og helse og sosial.

Innan samfunnstryggleik og beredskap er tendensen den motsette. 46 prosent av respondentane kryssa av dette fagområdet, mot 33,3 prosent i 2010. Me noterer også eit aukande behov for rettleiing innan byggesaker.


Som elles i undersøkinga er kategoriar merkte med * nye i 2010.



SPØRSMÅL 8: PÅ KVA FAGOMRÅDE ER BEHOVET FOR KOMPETANSEUTVIKLING STØRST I KOMMUNEN DIN? VEL INNTIL TRE OMRÅDE.

Behovet for rettleiing og kompetanseutvikling i eigen kommune heng nøye saman. Behovet for kompetanseutvikling innan plansaker er mindre, meiner kommunane. Det same gjeld innan byggesaker, miljøvern og kommunal jus.

Innan samfunnstryggleik og beredskap er behovet for kompetanseutvikling aukande (22,2 prosent i 2016 mot 15 prosent i 2010).




KOMMENTARAR

- ✓ Dette må ses i forhold til digitalisering og smartkommune arbeidet. Og vi jobber selv med kompetanseutvikling på aktuelle områder.
- ✓ Byutvikling/transformasjon og planjus
- ✓ Generelt godt kompetansenivå blant medarbeidere, men utfordring å være oppdatert.
- ✓ Tror vi har nødvendig kompetanse

SPØRSMÅL 9: KOR NØGD ELLER MISNØGD ER DU MED FYLKESMANNEN SITT RETTLEIINGS- OG KOMPETANSEUTVIKLINGSTILBOD?

1 er svært misnøgd og 5 er svært nøgd. Her ser me ei positiv utvikling. Det er større tilfredsheit med både konferansar/seminar, kurs og elektroniske nettenester. Nettsider/informasjon og løpande rettleiing får om lag same skår som i 2010.

Trass ei positiv utvikling, er det ingen av kategoriane som skårer 4 eller høgare. Det må me ta med oss i arbeidet med nødvendige tiltak knytt til undersøkinga. Ein betre balanse i kurs- og møtetilbodet på begge sidene av Boknafjorden er meldt inn som ønske (sjå kommentarfeltet under).



KOMMENTARAR

(* FM: Mange usikre om elektroniske tenester i 2010)


* Bør vurdere å ha møtene splittet i Nord og Sør-fylket. Hvis en reiser til andre siden, går minst en dag uavhengig av lengden på kurs/møte/konferanse

* Dårlig at Svar ut ikke virker. Ekstremt feil at havbruk er plassert under "miljø/forurensing" på FM si heimeside. I så fall burde landbruk også vært plassert der!

* Har deltatt i noen samlinger der fylkesmannen til tider har en svært belærende/arrogant holdning overfor oss kommuner, det være seg flyktningeproblematikk eller barne- og skole/utdanningssektoren. Vi har mange utfordringer som vi jobber systematisk med hver eneste dag. Hjelp oss til å bli bedre på disse områdene samtidig som vi (jeg) har behov for at dere hjelper oss å løfte fram det som fungerer bra.

SPØRSMÅL 10: KVEN/KVA ER VIKTIGAST FOR DEG VED FORMIDLING AV STATLEGE STYRINGSSIGNAL? VEL TO ALTERNATIV.



Ei sentral oppgåve for Fylkesmannen er å formidla statlege styringssignal til kommunane. Derfor er det positivt å registrera at Fylkesmannen har blitt ein endå viktigare kanal for denne typen informasjon dei siste seks åra. Som me kommenterte under spørsmål 1, er det nær 80 prosent av ordførarane som oppgir Fylkesmannen som den viktigaste kjelda for statlege styringssignal (55 prosent av rådmennene).



SPØRSMÅL 11: FYLKESMANNEN HAR EI VIKTIG SAMORDNINGSROLLE OVERFOR KOMMUNANE. BØR FYLKESMANNEN REDUSERA, OPPRETTHALDA ELLER STYRKA SAMORDNINGA PÅ DESSE OMRÅDA?

Samordningsrolla er eit anna sentralt embetsoppdrag hos Fylkesmannen. Også her ser me klare endringar sidan 2010. I tabellform blei det uoversiktleg å framstilla 2010- og 2016-tala i lag. Derfor er det laga to tabellar. Når det kjem til samordning av enkeltsaker, mekling ved motsegner, planlegging etter plan- og bygningslova og tilsyn ser me påfallande endringar. I 2010 svarte høvesvis 39,4, 23,5, 41,18 og 61,8 prosent at samordninga *kan reduserast*. I 2016 er tala høvesvis 18,9, 5,4, 10,8 og 37,8 prosent. Mykje tyder på at Fylkesmannen har funne eit "rettare" nivå på samordninga i 2016, ettersom langt fleire svarer *hald fram som nå* innan desse saksfeltene enn dei gjorde i 2010.

Tendensen er altså at samordninga blir opplevd som langt meir i tråd med behovet i 2016 enn i 2010. Men me merkar oss at 46 prosent av respondentane meiner samordninga av skjønstildelingar *bør styrkast*.




SPØRSMÅL 12: SAMORDNING AV STATLEG TILSYN ER EI OPPGÅVE FOR FYLKESMANNEN. KORLEIS KAN FYLKESMANNEN EVENTUELT BETRA SAMORDNINGA AV TILSYN? DET ER HØVE TIL Å VELJA FLEIRE SVARALTERNATIV.

På dette spørsmålet blir samanlikninga med 2010 meir komplisert. Grunnen er at me har lagt til to nye svaralternativ (*samordning med eigenkontrollen i kommunen og anna*).

Og det viste eg å vera fornuftig. Heile 65,7 prosent av ordførarane og rådmennene melder tilbake at dei ønskjer betre samordning av tilsyna våre med eigenkontrollen i kommunane (kontrollutval, internkontroll, internrevisjon).

Det har blitt arbeidd målretta med å utvikla ein god tilsynsmetodikk i embetet dei siste åra. Tilbakemeldingane tyder på at dette har fungert godt. Berre 11,4 prosent etterlyser utvikling av tilsynsmetodikk i 2016, mot 27,3 prosent i 2010.

48,6 prosent ønskjer betre koordinering av tidspunkta for tilsynsbesøk (auke frå 42,4 prosent i 2010), 34,3 prosent ønskjer meir rettleiing før og etter besøket. Dette er ein nedgang frå 2010 (51,5 prosent).




KOMMENTARAR

- ✓ *Tilsyn bør samordnes med andre tilsyn*
- ✓ *Bedre samordning på tvers*
- ✓ *Mer og bedre bruk av skjønn ved tolkingen av lov og regelverk*
- ✓ *Gjennomføre færre tilsyn.*

SPØRSMÅL 13: : VURDER FØLGJANDE PÅSTANDAR OM FYLKESMANNEN I ROGALAND

1 er heilt ueinig og 5 er heilt einig. Også her ser me ei positiv utvikling.

- 89,2 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen har ryddige saksprosessar. Ingen er heilt eller delvis ueinige i dette.
- 81,1 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen si formidling er tydeleg og klar. 8,1 prosent er delvis ueinig (ingen heilt ueinig).
- 81,1 prosent er heilt eller delvis einig i at kommunikasjonen til Fylkesmannen er godt tilpassa kommunane. 2,7 prosent er delvis ueinig (ingen heilt ueinig).
- 75,7 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen sine heimesider er nyttige. 2,7 prosent er delvis ueinige.
- 62,2 prosent er heilt eller delvis einig i at det er lett å få tak i rette personen hos Fylkesmannen. 10,8 prosent er heilt eller delvis ueinige.
- 75,7 prosent er heilt eller delvis einig i at kommunikasjonen mellom Fylkesmannen og kommunen er prega av openheit og tillit. 8,1 prosent er delvis ueinige (ingen heilt ueinige).
- 56,8 prosent er heilt eller delvis einig i at fristane som Fylkesmannen set for å uttala seg er tilfredsstillande. 13,5 prosent er heilt eller delvis ueinige.
- 48,7 er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen sjølv er god til å halda fristane. 27 prosent er heilt eller delvis ueinige i dette.



KOMMENTARAR TIL TEMATIKKEN ELLER PÅSTANDANE

- ✓ *FM har blitt mykje raskare!*
- ✓ *Me saknar av og til at me kan få signal tidleg i ein prosess. Det verkar som om Fylkesmannen kvir seg for å gi signal i tilfelle ein skal ombestemme seg. Plansaker.*

SPØRSMÅL 14: VURDER DESSE PÅSTANDANE OM FYLKESMANNEN I ROGALAND

1 er heilt ueinig og 5 er heilt einig. Også her ser me ei positiv utvikling. Svaralternativet om kommunereforma er nytt.

- 62,2 prosent er heilt eller delvis einig i at det er god balanse mellom Fylkesmannen sine ulike roller (m.a. sektorstyresmakt, rettleiar, rettstryggleiksinstans, samordnar). 10,8 prosent er delvis ueinig (ingen er heilt ueinige).
- 86,5 prosent er heilt eller delvis einig i at det er tilstrekkeleg kontakt mellom Fylkesmannen og kommunen.
- 64,9 prosent er heilt eller delvis einig i at styringssignala frå Fylkesmannen sjeldan er sprikande. 13,5 prosent er delvis ueinige.
- 46 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen er god til å samordna mellom eigne fagområde. 27 prosent er delvis ueinig, 2,7 prosent heilt ueinig
- 37,8 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen gjer ein god jobb med å samordna andre regionale statsetatar. 10,8 prosent veit ikkje. 24,3 prosent er heilt eller delvis ueinig.
- 86,5 prosent er heilt eller delvis einig i at råd og rettleiing frå Fylkesmannen er nyttig for kommunen.
- 59,5 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen er ein viktig medspelar i utviklingsoppgåver i kommunen. 24,3 prosent er heilt eller delvis ueinig.
- 51,4 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen har ein god prosess for fordeling av skjønsmidlar. 16,2 prosent er heilt eller delvis ueinig. 8,1 prosent veit ikkje.
- 86,5 prosent er heilt eller delvis einig i at tildeling av skjønsmidlar er viktig for arbeidet med omstilling og fornying i kommunane. 5,4 prosent er heilt eller delvis ueinig.
- 81,1 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen løyser rettstryggleiksoppgåvene på ein god måte. 5,4 prosent er delvis ueinig.
- 81,1 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen sine avgjerder i klagesaker i stor grad er retningsgivande for kommunen sine seinare avgjerder.
- 64,9 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen har løyst oppgåva si i samband med kommunereforma på ein god måte. 13,5 prosent er delvis ueinig. Ingen heilt ueinig. 8,1 prosent veit ikkje. 13,5 prosent er verken einig eller ueinig.

Spm 14: Vurder desse påstandane om Fylkesmannen i Rogaland



KOMMENTARAR TIL SPØRSMÅL 14

- ✓ *Om kommunereforma: Prosessen er kommet skjevt ut hvor konsekvenser for manglende endring av struktur er kommet helt i bakgrunnen. Om Fylkesmannen kan ansvarliggjøres er usikkert, men som statens forlengede arm, ja.*
- ✓ *Samordning må vera meir enn å samle alle statens innsigelser i eit brev. Det må gjerast ei avveging mellom motstridande innsigelser. Rett og slett velje å fremme ein og samtidig vrake ein annan.*

SPØRSMÅL 15: VURDER DESSE PÅSTANDANE OM FYLKESMANNEN I ROGALAND

1 er heilt ueinig og 5 er heilt einig. Som i spørsmål 13 og 14 skårer Fylkesmannen betre enn i 2010 på alle spørsmåla.


- 94,4 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen har god kunnskap om lokale forhold i fylket.
- 91,7 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen har god kjennskap til kommunen sine problem og utfordringar.
- 77,8 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen har god kjennskap til den organisatoriske oppbygginga av kommunen.
- 58,3 prosent er heilt eller delvis einig i at dei ulike fagavdelingane hos Fylkesmannen har god kunnskap om kommunen. 25 prosent er verken einig eller ueinig. 11,1 prosent er delvis ueinig.
- 33,3 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen gir nyttige tilbakemeldingar på resultatrapporteringa. 33,3 prosent er verken einig eller ueinig. 13,9 prosent er delvis ueinig. 19,4 prosent veit ikkje.
- 80,6 prosent er heilt eller delvis einig i at Fylkesmannen er ein god representant for fylket overfor sentrale styresmakter. 13,9 prosent er verken einig eller ueinig. 5,6 prosent er delvis ueinig.

Spm 15: Vurder desse påstandane om Fylkesmannen i Rogaland



SPØRSMÅL 16: ALT I ALT: KOR NØGD ER DU MED SAMARBEIDET MED FYLKESMANNEN I ROGALAND?

Respondentane rangerer kor fornøgde dei er, alt i alt, med samarbeidet med Fylkesmannen. På ein skala frå 1 til 100, der 100 er best, skårer me 74. Det må seiast å vera bra, men viser sjølvstøtt eit forbettringspotensial. Lågast skår blant svara er 50, den høgaste 91.



GENERELLE KOMMENTARAR TIL UNDERSØKINGA

- ✓ *Dette er en altfor omfattende undersøkelse - dette krever gruppearbeid og involvering av fagavdelingene*
- ✓ *Me vil ikkje dela fylkesmannen med andre fylke!*
- ✓ *For omfattende i en travel hverdag*
- ✓ *Kommunikasjonssjefen har gjort Fylkesmannen i Rogaland god.*
- ✓ *Det er ikke anledning til å mene noe om de enkelte avdelinger hos FM*

Stavanger, 5. desember 2016

John Gunnar Skien

Kommunikasjonssjef, Fylkesmannen i Rogaland